



Sagbok nr.
01391 - 2.3.67
NORDHORDLAND
SCRENSKRIVNINGSEIE

Utskrift

av
jordskifterettsbok nr. 45 for Ytre Nordhordland jordskifte-
sokn for det som etterstående vedkjem.

XXXXXXXXXXXXXX

År 1964 den 23. juni vart jordskifterett
sett i huset til Bjarne Lindås på Askvik
gnr. 236, bnr. 1 i Lindås herad.

Rettsformann: Jordskiftedommer Sverre Aerdal.

Jordskiftemenn: 1. gardbrukar Einar Hopland, Hundvin.

2. " Håkon Hatland, Elknesvåg.

Jordskiftemann Hatland møter som oppnemnd
varamann, då den oppnemnde jordskiftemann
Famnestad har meldt skriftleg forfall og
varamannen Ivar Åsgard har meldt forfall
til rettsformannen pr. telefon.

Protokollfører var jordskiftedomaren.

Sak nr. 7/1959.

- Saksøkjare: 1. Eigaren av gnr. 236, bnr. 1, Bjarne Lindås.
2. " " " 236, " 2, Ivar Askvik.

Saksøkte:

1. Eigaren av gnr. 236, bnr. 3 og 4, Knut Mo.
2. " " " 236, " 5 og 11, Kjell Vie m.fl.
3. " " " 236, " 6 og 10, Alfred Hodneland m.fl.
4. " " " 236, " 7, Bjørn Knutsen m.fl.
5. " " " 236, " 8, Ruth Sandvik.
6. " " " 236, " 9, Marie Hodneland.
7. " " " 236, " 12 og 17, Adolf Hopland.
8. " " " 236, " 13, Anfin Tenold.
9. " " " 236, " 14, Einar Karsten
Klemmentsen m.fl.

gjerdeplikta der. Dette var eigarane av gnr. 236 bnr. 1 og bnr. 2 samde om under jordskiftesaka.

Gjerde som før jordskiftet var oppførde innan jordskiftefeltet og som her etter ikkje er aktuelle kan nedtakast og flyttast av den tidlegare gjerdeeeigar innan 15. april 1967. Notgard i den gamle bøgard kan også flyttast til same tid.

Pålagd gjerdeplikt i grense 1 og grense 3 få grensemerke 35 til grensemerke 46 i den gamle bøgard skal vera oppført i lovleg stand innan 15. april 1967.

Pålagd gjerdeplikt mellom grensemerke 46 og grensemerke 50 i grense 3 skal vera oppført i lovleg stand innan 2 år etter at ein av dei interessera partar vitnefast krev det.

Ynskjer eigarane gjerde i den gamle bøgard innan- for sine teigar må kvar av partane sjølv halda dette gjerdet. Gjerdeplikt mot parselleigarar er urørd, og vert som før.

Gjerdeplikt mot offentleg veg er urørd av saka, og vert som før.

7. Vegar.

Veg nr. 1. Den offentlege riksveg, Eknes - Ostereide, er heilt urørd av saka, og går som før.

Veg nr. 2. Vegen til kyrkja og kyrkjegardskaien går som avlagd på kartet frå riksvegen ved grensemerke 69 sørover til den offentlege kai ved grensemerke 70. Vegen kan ha ei køyrebane av 3 m frå riksvegen og sørover til grensemerke 83. Herfrå og sørover til kaien skal vegen ha den køyrebanebreid han idag har.

Veg nr. 3. Den vegrett bnr. 19, bnr. 20 og bnr. 21 i skylddelingar av 8/10-65 desse bruk har fått fram til sine



parsellar er i jordskifte omlagd slik:

Vegen er avmerka på sør- og vestsida og tek til i riksvegen i kross i stein (87) ca. 55 m nord for bnr. 16 og går i naturleg vegkurve ca. 6 m til kross i stor stein (88), herifrå i naturleg vegkurve ca. 7 m til kross i stein (89), herifrå i naturleg vegkurve ca. 13 m til kross i stein (90) herifrå i naturleg vegkurve ca. 30 m til kross i fjell (91) og vidare i naturleg vegkurve til merkestein mot bnr. 20 avlagd på jordskiftekartet som gamal merkestein nr. 77.

Avkøyringa frå riksvegen kan ha ei breidd på 11 m. Køyrebanebredda elles er 3 m.

Frå sist skrevne punkt går vegen som avlagd på kartet på nord- og austsida av bnr. 20 fram til bnr. 19.

Frå riksvegen og søraustover til den gamle veg er opparbeidingsplikta delt slik:

Eigaren av gnr. 236 bnr. 1	svarar	1/3
" " " 236 " 19	"	1/3
" " " 236 " 20	"	1/3.

Nye parsellar må svara i vegen etter skjøn.

Arbeidet skal settast igang 1 år etter at ein av dei interessera partar krev det. Inntil vegen er bygd.

har bnr. 19, bnr. 20 og bnr. 21 sine vegrettar som før.

Veg nr. 4. Naustveg til bnr. 7 og bnr. 8.

Naustvegen til bnr. 7 og bnr. 8 er etter skjøn omlagd slik at han skal gå etter den her skrevne veg nr. 3 austover til eit punkt nordaust for bnr. 20 og herifrå går naustvegen som avlagd på kartet over kartfig. 69 og 12 fram til nausttomten til bnr. 7 og bnr. 8.

Dei vegrettar for gnr. 236 bnr. 3 - 21 og som ikkje framanfor er nemnde er urørde av saka, og vert som

